



Skarsvåg Rør & Interiør AS
Melandsvegen 15
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3973 - 15/1130

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
20.01.2015

Godkjenning - tilkopling til kommunalt VA-anlegg for sanitærbrakke/brakkerigg på Flatøy, gbnr 1/1

Administrativt vedtak. Saknr: 23/2015

Saksutgreiing:

Det er søkt om mellombels tilknytning til kommunalt VA-anlegg for sanitærbrakke/brakkerigg for Implenia på gbnr 1/, Flatøy, i samband med bygging av midtdelar på E39 over Flatøy.

Det er opplyst i søknaden at brakkene vert tilknytt omlag 10. oktober 2014.

Det er gjeve mellombels dispensasjon og løyve til plassering av brakkeriggen i sak DNT.03/2015, dagsett 02.01.2015. Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 1/118, som gjev brakkeriggen løyve til tilkopling til private VA-leidningar, samt avtale med grunneigar av gbnr 1/1 om rett til leige av grunn og plassering av brakker.

Vurdering:

Søknader om mellombels tilknytning til kommunalt VA-anlegg skal handsamast i samsvar med Forskrift om vass- og avlaupsanlegg i Meland kommune, § 9.

Det skal betalast abonnemnetsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, dvs etter målt forbruk. Det må difor installerast vassmålar. Det skal ikkje betalast eingongsgebyr for tilknyttinga.

Det kan gjevast løyve til mellombels tilknytning for eitt år om gongen med høve til å søkje om vidareføring.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at brakkerigg på gbnr 1/1 på Flatøy vert mellombels tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad dagsett 07.10.2014 og på følgjande vilkår:

- * Tilknyttinga gjeld for eitt år, dvs. frå 1 november 2014 til 1. november 2015.
- * Det skal betalast abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd.
- * Det skal installerast vassmålar. Abonnenten må sjølv skaffa og kosta målar.
- * Straks tilknyttinga er gjort må ansvarleg røyrleggjar melda frå til kommunen om vassmålar og målarstand ved tilkopling.
- * Kostnad med tilknytting og fråkopling etter bruk er søkjar sitt ansvar.
- * Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter og Plan- og bygningslova.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilknytting VA-anlegg brakkerigg

Kopi til:

Implenia

Mottakere:

Skarsvåg Rør & Interiør AS

Melandsvegen 15 5918

FREKHAUG